



Norsk Riving AS
Postboks 164 Blomsterdalen
5868 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1066 - 19/15094

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

16.05.2019

Løyve til riving av bygningar - gbnr 137/109 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 295/19

Tiltakshavar: Hordaland Byggutvikling AS

Ansvarleg søkjar: Norsk Riving AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av bustad og uthus på eigedom gbnr. 137/109, adresse Alvervegen 10. Samla bruksareal (BRA) på eigedomen er opplyst til å vere ca. 135 m² og bygd areal (BYA) ca. 65 m².

Søknad omfattar rivingsarbeid. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.03.19 og komplettert 03.05.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 12.04.19. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 03.05.19.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.05.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 24.05.19.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Breimyra/planid.: 1263-201207 er definert som bustadføremaal - bustadblokk.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 70 % BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3, jf. sak 19/987. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Vatn og avløp (VA)

Påkoblingspunkt til kommunal vass- og kloakkanlegg skal plomberast forsvarleg.



Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket fører ikkje til auka/endra bruk.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Omsøkt riving er ledd i realisering av reguleringsplan Breimyra

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for riving av bygningsmasse på eigedom gbnr. 137/109. Løyve gjeld riving av følgjande bygningar:

- Bygningsnr.: 176246391 Garasje/uthus/anneks til bustad.
- Bygningsnr.: 176246405 Einebustad.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tilkobling til kommunalt vass- og kloakkanlegg skal plomberast forsvarleg.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1066

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND
Norsk Riving AS	Postboks 164	5868	BERGEN
	Blomsterdalen		

Mottakarar:
Norsk Riving AS

Postboks 164 5868
Blomsterdalen

BERGEN